

Styringsdokument

for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved
dei vidaregåande skulane



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



2016 - 2018

Forord

Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune for perioden 2016-18 inngår i «System for verksemdbasert vurdering». Den pedagogiske verksemda skal vere forankra i overordna mål i den generelle del av læreplanen og prinsipp for opplæringa, kompetansemål for fag i Læreplanverket, samt opplæringslova¹ og forskrift til opplæringslova².

I perioden 2011 til 2015 har styringsdokumentet for VBV hatt tre tiltaksområde for at vi skal nå det overordna målet om auka læringsutbyte og fullføring. Skulane har på grunnlag av skulebasert resultatvurdering sett i verk utviklingstiltak innanfor tiltaksområda vurdering, klasseleiing og pedagogisk bruk av IKT.

Både nasjonalt og lokalt har det vore arbeidd med å styrke dei formative sidene ved vurderingspraksis. I skulesamanheng har denne innsatsen vore retta mot styrking av kvaliteten på undervegsvurderinga gjennom skuleåret. Viss vurdering skal fremje læring, medfører det at målet om læring må leggjast til grunn gjennom heile læringsprosessen. Målet om at elevane skal vurdere eige arbeid kan vi best lykkast med når elevane tidleg blir involvert i læringsprosessen, deltek i arbeidet med å setje konkrete læringsmål, får beskrivande tilbakemeldingar av kvalitet på arbeidet og ikkje minst får realistiske og hensiktsmessige råd om kva dei kan gjere for å utvikle kompetansen vidare.

Når det gjeld utviklinga innan tiltaksområdet pedagogisk bruk av IKT, så har vi dei siste åra sett ei dreiling frå fokus på å beherske nytt digitalt utstyr til å sjå meir kritisk på korleis nye digitale verktøy og læringsressursar opnar for nye pedagogiske perspektiv eller løysar pedagogiske og organisatoriske behov og utfordringar. Eit dynamisk perspektiv på samspel mellom teknologi, læring og skuleutvikling må ligge til grunn for ei heilskapleg tilnærming til den digitale utviklinga i skulen.

Lærarene si betydning for elevane sitt læringsutbyte er grundig dokumentert i seinare år. Fagleg kompetanse, relasjonell kompetanse og evne til å leie strukturerte læringsprosessar er kjernekompentansar i skulen. Vi har dei siste åra sett ein aukande vilje til å utvikle felles plattformer i skulane som har som mål å skape føreseielege, felles rammer kring læringsarbeidet.

I arbeidet med verksemdbasert vurdering har skuleeigar fått dokumentert mykje av det gode utviklingsarbeidet som er gjort ute på skulane dei siste åra, og fylkesdirektør opplæring nyttar høvet til å takke skuleleiarar, lærarar og elevar for innsatsen som er lagt ned. Erfaringane frå dialogen med skulane viser likevel at dei tre tiltaksområda til tider ikkje har vore sett tilstrekkeleg i samanheng med kvarandre, og at dei tre fylkeskommunale tiltaksområda har krevd så mykje merksemd og innsats at det kan ha gått på bekostning av andre område som skulen meiner er nødvendige for å skape ei god skuleutvikling. Dette dilemmaet kom til uttrykk i rapporten frå forvaltningsrevisjonen som blei utført av Deloitte i 2014.

Fylkesdirektør opplæring vil på grunnlag av ei heilskapleg vurdering styrke skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Det overordna målet står fast: **Auka læringsutbyte og fullføring**. Alvoret som er knytt til dette målet, vil bli understreka av at skuleeigar dei komande åra går tettare inn på den enkelte skule og følgjer opp resultata. Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Bergen, 20. oktober 2015

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

¹ <http://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-10>

² <http://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§2-1>

Innhold

Forord	2
Innleiring	4
Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid	7
Litteraturliste	10

Innleiing

Hovudmål

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skoleåret 2016-2018 er: **Auka læringsutbyte og fullføring**

Auka læringsutbyte – skulen i framtida

Ved inngangen til 2016 kan vi vente oss fleire endringar i læreplanverket. Som eit ledd i oppfølginga av Meld. St. 20 (2012-13) «På rett vei» har regjeringa gitt Utdanningsdirektoratet i oppgåve å gjennomgå det yrkesfaglege utdanningstilbodet og føreslå nødvendige endringar for å styrke kvalitet og relevans i opplæringa. I NOU 2015:8 «Fremtidens skole» har eit utval vurdert kva kompetansar som vil vere viktige for elevane og kva endringar som må gjerast for at elevane utviklar desse kompetansane. Utvalet anbefaler at det blir lagt på fire kompetanseområde som samla sett speglar skulen sitt samfunnsoppdrag:

1. fagspesifikk kompetanse
2. kompetanse i å lære
3. kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta
4. kompetanse i å utforske og skape

Utvalet peiker vidare på at det er behov for fornying av faga og justering av læreplanverket. Ein føresetnad i Kunnskapsløftet er at det på lokalt nivå skal vere stort handlingsrom og at skuleeigar og skular skal arbeide systematisk og kollektivt med utarbeiding av lokale læreplanar. Nye læreplanar vil stille krav til leiarar på alle nivå når endringane skal settast i verk.

NOU 2015:8 understreker at nye læreplanar for fag bør ha færre og meir likt utforma kompetansemål. Overordna nasjonale læreplanmål som har klare prioriteringar og som gir tydelig retning, er avgjerande for å sikre ei god opplæring. Utvalet anbefaler tydeligare progresjon i læreplanane, og meiner at læreplanane blir betre styringsdokument og arbeidsverktøy viss det i tillegg følgjer med nasjonalt utforma rettleiingsressursar som gir grunnlag for prioriteringar i skulekvarden. Utvikling av skuleeigar og skulane sin kompetanse når det gjeld styring og leiing av lokalt arbeid med læreplanar vil vere ein viktig strategi for å bygge utviklingskapasitet i opplæringssektoren i åra framover.

Auka gjennomføring

Dei siste åra har det vore sett inn store ressursar for å auke gjennomføringstala i vidaregåande opplæring. Denne satsinga held fram også i neste styringsperiode. Rapporten *Fråfall i vidaregåandeopplæring* (Lillejord mfl. 2015) er utarbeidd på bestilling av Kunnskapsdepartementet. Studien bygger mellom anna på ein tidlegare systematisk kunnskapsoversikt frå Campbell Collaboration. (Wilson, m.fl. 2011)

Lillejord mfl. har gått gjennom aktuelle studiar i perioden 2010 - 2014. Oppdraget har vore å identifisere intervensionsstudiar som har vist dokumentert effekt på fråfall og beskrive korleis tiltaka blei gjennomført for å oppnå effekt. I rapporten blei det identifisert fem kritiske suksessfaktorar som går igjen innan alle kategoriar av tiltak. Dei fem faktorane handlar alle om kvaliteten på iverksettingsarbeidet:

1. Det må etablerast og oppretthaldast sterke og tillitsskapande relasjonar mellom aktørar i og utanfor skulen på alle nivå.
2. Det må sikrast god kontakt mellom nivåa, til dømes mellom ungdomstrinn og vidaregåande skule.
3. Det må vere brei oppslutnad blant deltakande aktørar i alle delar av prosessen.
4. Intervasjon må settast i verk så tidleg som mogleg etter at problemet er definert.
5. Tiltaka/Intervasjonen må vere prega av stor grad av systematikk både i planleggings- og iverkettingsfasen. Det handlar både om at tiltaket blir sett i verk slik det skal, og at det blir følgt opp i alle fasar.

Fråfall i vidaregåande skule er eit komplekst problem fordi det overskridar tradisjonelle skilje og ansvarsområde. Men er det slik at store komplekse problem best kan løysast gjennom breie og komplekse intervensionar/tiltak? Omfattande reformer krev store ressursar, dei er krevjande å evaluere, og fører ikkje nødvendigvis til den læringa i systemet som kan hjelpe aktørane til å vite korleis dei skal løyse dei utfordringane dei står ovanfor. Jo meir omfattande og kompleks ei tiltakspakke er, jo meir krevjande blir det å

sikre tilstrekkeleg kvalitet i iverksettinga. Enklare intervensionar kan vere meir effektive fordi dei er lettare å sette i verk og lettare å følgje opp. (Lillejord mfl.2015)

Det er skuleleiinga sitt ansvar å sjå til at utviklingstiltak er tilpassa kapasiteten i eigen organisasjon og bidra til at skulen sin utviklingskapasitet blir styrka gjennom det kontinuerlege utviklingsarbeidet. Fixen mfl (2005) gir følgjande tilråding basert på ei gjennomgang av 377 studiar: For å lykkast med iverksetting er det viktig å:

1. Handplukke praktikarar og gi dei grundig opplæring og rettleiing
2. Mobilisere dei ressursane som trengs og sikre infrastruktur i organisasjonen
3. Vurdere både prosess og resultat
4. Sikre at dei som skal gjennomføre er involverte i val av tiltak og evaluering av tiltaka
5. Utnytte økonomiske rammer på ein fleksibel måte

Evalueringa av VBV i 2013 viste at det pedagogiske utviklingsarbeidet har varierande gjennomslagskraft når det gjeld undervisningspraksis. Elmore mfl. (2010) peiker på at velmeinte forbetingstiltak ofte ikkje bidreg til reell forbeting fordi dei ikkje har tilstrekkelig fokus på kjernen i undervisninga, nemlig forholdet mellom lærar, elev og innhald. Viss vi berre jobbar med ansvarsstyring på systemnivå så risikerer vi at resultatet endar som symbolpolitikk utan ein kan observere effekt i kjernen. Det er ein fare at bruk av resultatmål, standardar, m.m. fører til at vi ikkje oppnår dei gode kollektive resultata vi ønskjer. Det hjelpt ikkje kor mykje pengar, administrative ressursar som blir putta inn viss det ikkje fører til utvikling i undervisninga si kjerne. Slik utvikling skjer best gjennom eit vedvarande fokus på deltaking, observasjon og analyse av praksis.

Eit godt psykososialt skolemiljø er viktig for elevane si læring og utvikling

Etter opplæringslova har elevane sterke rettigheter til eit godt psykososialt miljø. §9a pålegg skulane å arbeide kontinuerlig for å fremme eit trivsels- og helsefremjande læringsmiljø, førebyggje krenking og mobbing, og ha hensiktmessige rutinar for å handtere saker der elevar blir mobba.

I 2015 kom «Djupedalsutreiinga» med NOU 2015:2 «Å høyre til». Djupedalutvalet blei oppnemnt av Kunnskapsdepartementet i 2013 for å vurdere dei samla verkemidla for å skape eit godt psykososialt skolemiljø, motverke og handtere mobbing og andre uønskte hendingar i skulen. I utreiinga blir nulltoleranse og nullvisjon for krenkingar, mobbing, trakkassering og diskriminering trekt fram som eitt av fire overordna perspektiv for utvalet sitt arbeid. Eit trygt og godt psykososialt skolemiljø er kjenneteikna ved at elevane trivast og har det godt på skulen i eit miljø med fråvær av krenkingar og mobbing. Det er likevel viktig å understreke at fråver av mobbing aleine ikkje automatisk fører til at elevane opplever at det psykososiale miljøet er trivsels- og læringsfremjande.

Skulen har i dag eit større mangfold enn tidlegare og det er viktig å motverke utanforskap ved å gje rom for at alle elevar opplever sosial tilhørsle gjennom eit inkluderande psykososialt skolemiljø. Skulen må i det daglege arbeidet legge til rette for at alle elevar kan utvikle tru på eigne ferdigheter, oppleve fagleg meistring og ha eit godt forhold til andre elevar og lærarar på skulen. Eit godt skolemiljø bidreg til auka læringsutbyte i tillegg til personleg utvikling og trivsel hos elevane. I arbeidet med å utvikle og oppretthalde eit godt psykososialt skolemiljø, blir følgjande faktorar samla sett trekt fram som viktige i NOU 2015:2:

- Skulekultur
- Skuleleiing
- Relasjonsbasert klasseleiing
- Elev-elev-relasjoner
- Foreldresamarbeid

Det kontinuerlige arbeidet for utvikling og oppretthaldning av eit godt psykososialt skolemiljø kan gjerast på mange ulike måtar for å oppnå ønska resultat, men når skaden først har skjedd og det er undersøkt og slått fast at elevar opplever mobbing, så kan det berre handterast gjennom kompetent sakshandsaming og oppfølging i tråd med lovverket. Det er naudsynt å ha gode rutinar for å fange opp og følgje opp krenkingar, mobbing, trakkassering og diskriminering og alle skular må ha eit slikt system for å handtere uønska hendingar.

Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal

definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Kva kompetansar treng skuleleiarar, personale og elevar for å skape trivselsfremjande læringsmiljø der elevane opplever høgt læringsutbytte og oppnår målet om bestått vidaregåande opplæring? Korleis får vi prosessar på skulane som sikrar høg kvalitet på iverksettinga av utviklingstiltak? Desse spørsmåla blir sentrale i komande periode. Fylkesdirektør opplæring har for styringsperioden 2016-18 utarbeidd ei plattform for pedagogisk utviklingsarbeid som skal leggjast til grunn for skulane sitt skuleutviklingsarbeid og være tema i styringsdialogen gjennom VBV.

Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid

Skuleleiarar i HFK har ansvar for å arbeide systematisk med å:

1. Utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det blir oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærer det som er forventa.
2. Halde seg oppdatert om nyare kunnskap og forsking innan skuleutvikling og legge til rette for kunnskaps- og erfaringsbasert dialog der elevane si læring står i sentrum.
3. Legge til rette for elevmedverknad i spørsmål som er av betyding for læringsutbyte og trivsel.
4. Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med mål om nulltoleranse for mobbing, ved å legge til rette for samarbeid og bygge gode relasjoner internt og eksternt.
5. Kartlegge sider ved skulen si verksemd som kan føre til utanforskap og sjå til at det blir sett i verk effektive førebyggande tiltak/prosessar.
6. Identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre og legge til rette for tett oppfølging og læring med fokus på meistring og motivasjon.
7. Involvere tilsette og elevar i arbeidet med å vurdere skulen sine resultat og utarbeide utviklingsmål og -tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår.
8. Mobilisere dei ressursane som trengs for å gjennomføre utviklingstiltak og sjå til at gjennomføringa av tiltaka blir følgt opp og vurdert. Relevante ressursar kan til dømes vere kompetanse, tid, organisering, struktur og økonomiske midlar.

Lærarane i HFK har ansvar for å arbeide systematisk med å:

1. Bidra aktivt til å utvikle ein felles undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av lærингssituasjonar, der det blir oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærar det som er forventa.
2. Halde seg oppdatert om forsking og utvikling innan eige fagområde og bidra til ein kunnskaps- og erfaringsbasert dialog med mål om å utvikle ein undervisnings- og vurderingspraksis der elevane si læring står i sentrum.
3. Legge til rette for elevmedverknad i undervisninga i spørsmål som er av betyding for læringsutbyte og trivsel.
4. Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing gjennom å vere ein tydeleg klasseleiar og bygge gode relasjonar til gruppa og enkelteleven.
5. Møte alle elever med respekt og omtanke og bidra til at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.
6. Identifisere og følgje tett opp elevar som står i fare for å ikkje fullføre, gjennom fagleg tilrettelegging og systematisk samarbeid med elev, føresette, skuleleiing og støtteapparat.
7. Bidra i felles vurdering av skulen sine resultat og samarbeide med skuleleiinga, lærarar og elevar om utarbeiding av utviklingsmål og -tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår.
8. Fremje skulen si kvalitetsutvikling ved å bidra aktivt i gjennomføring og vurdering av skulen sine utviklings- tiltak.

Elevane i HFK har ansvar for å:

1. Møte medelevar og tilsette med respekt og omtanke og bidra til å skape eit trygt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing.
2. Bidra til å skape eit læringsmiljø der elevar og lærarar samarbeidar aktivt for å oppnå best mogeleg læring for alle.
3. Reflektere over eigen læringsprosess og delta i vurdering av eige læringsarbeid.

Litteraturliste

Elmore. R.F., (2010) The Instructional Core I Elizabeth A. City, Richard. F. Elmore, sarah e. Fiarman, og Lee Teitel(red.) (2010) Instructional Rounds in Education: A Network Approach to Improving Teaching and Learning. Cambridge, MA; Harvard Education Press, pp. 21-38.

Fixen, D.L., Naoom, S.F., Blase, K.A., Friedman, R.M an Wallace, F., (2005) Implementation Research: A Synthesis of the Literature. Tampa,Fl: University of South Florida, Louis de la Parte Florida Mental Health Institute, The National Implementation Research Network(FMHI Publication #231)

Lillejord, S., Ruud, E., Fischer-Griffiths, P., Børte, K., Haukaas, A. (2014) Forhold ved skolen med betydning for mobbing. Oslo: Kunnskapssenter for utdanning

Lillejord, S., Halvorsrud, K., Ruud, E., Morgan, K., Freyr, T., Fischer-Griffiths, P., Eikeland, O.J., Hauge, T.E, Homme, A.D., Manger, T. (2015) Frafall i videregående opplæring – En kunnskapsoversikt.Oslo: Kunnskapssenter for utdanning

Meld. St. 20 (2012-13) På rett vei

NOU 2015:2 Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø

NOU 2015:8 Fremtidens skole – fornyelse av fag og kompetanser

Wilson, S.J., Tanner-Smith,E:E., Lipsey, M.W., Steinka-Fry,K., & Morrison, J., (2011) Dropout Prevention and Intervention Programs: Effects on School Completion and Dropout among School Aged Children and Youth. Campbell Systematic Reviews, 2011:8

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Oktober 2015. Opplæringsavdelinga/seksjon skule